



Skjåk kommune



PLANPROGRAM

Høring og offentlig ettersyn av planprogram
KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL 2027-2036

Innhold

Kvifor treng vi ein ny samfunnsplan i Skjåk?	1
Regelverk og nasjonale og statlege føringar.....	2
Plan- og bygningslova	2
Dei nasjonal forventningane	2
Planverk og føringar i Skjåk kommune.....	3
Regionale planar og strategiar	4
FN sine berekraftmål.....	4
Planprosessen	4
Prosess og medverknad	4
Overordna framdriftsplan	5
Utfordringsbilete	5
Endringar i befolkninga.....	5
Klima og miljø	6
Arbeidsliv	6
Samfunnstryggleik og heilskapleg beredskap	7
Å vekse opp i Skjåk.....	7
Næringsliv	8
Bustader	9
Arealbruk og arealstrategi.....	9
Status, utfordringar og planbehov	11

Foto framside: Vegard Breie

Foto siste side: Skjåk folkebibliotek

Kvifor treng vi ein ny samfunnsplan i Skjåk?

Samfunnsplanen skal vise kva overordna mål vi set oss for framtida. Gjeldande plan vart vedteken i 2018 og mykje har endra seg sidan den gongen. Den fungerer ikkje tilstrekkeleg som eit arbeidsverktøy for den kommunale drifta og utviklinga, og blir heller ikkje nytta aktivt i planlegginga av den økonomiske planlegginga. Det er ikkje ei tydeleg kopling mellom kommuneplanen og den firårige økonomiplanen, sjølv om økonomiplanen er handlingsdelen til kommuneplanen. Samfunnsplanen skal vera kommunen sitt viktigaste styringsdokument. Difor må planen vera oppdatert etter dagens tilhøve, forenkla og med meir presise mål som lettare kan koplast opp mot økonomiplanlegginga i handlings- og økonomiplanen. **Det er eit mål å styrke samfunnsdelen som styringsverktøy.**

Samfunnsplanen skal vera eit arbeidsverktøy som:

- Skal leggjast til grunn i årsbudsjett og økonomiplan
- Er relevant og realistisk
- Er enkel å nytte i kvardagen

Regelverk og nasjonale og statlege føringar

Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova kapittel 11 legg føringar for kva rolle kommuneplanen skal ha og kva verknadar den skal ha. § 11-2 omhandlar spesifikt innhaldet i kommuneplanen sin samfunnsdel. Den skal:

- Ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon
- Innehalde ei skildring og vurdering av alternative strategiar for utvikling i kommunen
- Vera grunnlag for sektorplanar og verksemda i kommunen
- Gje retningslinjer for korleis kommunen sine mål og strategiar skal gjennomførast

Dei nasjonal forventningane

Regjeringa legg kvart fjerde år¹ fram sine forventningar til den kommunale planlegginga. Desse er i praksis ei rettesnor for kva kommunane skal vektleggje i planarbeidet sitt i åra framover.

Samordning og samarbeid i planlegginga. Kommuneplanen er det viktigaste styringsverktøyet kommunen har. Det er viktig at ein i planlegginga legg til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet. Gjennom samfunnsplanen skal vi peike ut kva retning samfunnsutviklinga skal ta, vi skal bidra til at FN sine berekraftmål nås, og også samordne dei oppgåvene og omsyna som trengs for å nå dette. Planverket må vera oppdatert og tilpassa tida vi er i og legge til grunn ei realistisk tilnærming. Planprosessar er ressurskrevjande, og må gjerast så effektive som mogleg.

Trygge og inkluderande lokalsamfunn. Det skal vera godt å bu, leve og arbeide i lokalsamfunna. Gode lokalsamfunn og nabolag fører til stabile bumiljø og livskvalitet i dei ulike livsfasane.

¹ Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027

Lokalsamfunna skal vera levande, med rom for aktivitet og utvikling. Det må planleggast for nok og varierte bustadar av god kvalitet. Naturen og kulturmiljøet har ein verdi i seg sjølv, og er også ein ressurs for oss som bur og nyttar oss av omgjevnadane, ikkje minst med tanke på folkehelse.

Velferd og berekraftig verdiskaping. Dei sosiale forskjellane aukar i Noreg. Mange ungar, ungdomar og unge vaksne står utanfor skule, utdanning og arbeidsliv. Låge inntekter og levekårsutfordringar blir både ein årsak og ein konsekvens. Det er utfordrande både for den enkelte og for samfunnet.

Kommunen kan gjennom sitt planarbeid og lokalkunnskap stimulere berekraftig næringsutvikling, og slik legge til rette for stabilitet og vekst i lokalsamfunnet. I dette treng vi god tilgang på relevant arbeidskraft. Dette er utfordrande i dag, både for offentlig og privat sektor.

Klima, natur og miljø for framtida. Regjeringa skriv i sine forventningar: *Den globale miljøpåverknaden er no så omfattande at evna naturen har til å dekkje grunnleggjande behov som reint vatn, rein luft og stabil tilgang til mat i framtida, er drastisk redusert. Bevaring og restaurering av naturen er derfor ei nasjonal interesse.* Utan velfungerande naturmiljø mistar vi på sikt grunnlaget for gode liv og moglegheitene for utvikling også lokalt. Den heilskaplege samfunns- og arealplanlegginga er heilt sentral for å påverke utviklinga. Difor er det viktig i kommunale planar å ta omsyn til naturmangfald, omstille til lågutslepp, og å tenkje langsiktig i arealforvaltninga for å minimere tapet av natur.

Samfunnstryggleik og beredskap. Kommunane har viktige roller for tryggleiken i samfunnet. I tida vi nå er i ser vi at risikoen for skadelege naturhendingar aukar, og kommunane har eit ansvar for å redusere negative konsekvensar av slike hendingar. I takt med at klimaet endrar seg, er det behov for at vi tilpassar liva våre til desse endringane. Så mykje mat som mogleg skal produserast i vårt eige land. Det er naudsynt å ta vare på jordressursar og sikre at dyrka jord blir halde i drift. For samfunnstryggleiken er det også viktig at vassforsyninga er trygg og robust. At kommunale leidningsnett blir oppgradert har stor betydning for trygt drikkevatt.

Gjennom den kommunale beredskapsplikta krevst det at kommunen har ei oppdatert heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.

I tillegg til Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging skal kommune sjå til dei statlege planretningslinene, som rikspolitiske retningsliner (RPR) for barn og planlegging, RPR for klima og energi og RPR for arealbruk og mobilitet.

Planverk og føringar i Skjåk kommune

I 2024 vedtok kommunestyret planstrategi for perioden 2024-2027. Denne inneheld både eit grundig kunnskapsgrunnlag som vi nå tek utgangspunkt i arbeidet med samfunnsplanen, og oversikt over dei eksisterande planane i kommunen. Dei kommunale sektorane har alle ulike regelverk som krev planar for korleis kommunen skal prioritere, arbeide og utvikle seg. I arbeidet med samfunnsplanen nå ønskjer vi å komprimere planverket der vi kan. Dette betyr at vi vil innlemme noko av eksisterande planar inn i samfunnsplanen. Slik blir det lettare å halde oversikt og følgje opp planverket. Ikkje alle planar kan haldast ved like på denne måten, fordi det ikkje er tenleg, fordi planane ligg på eit anna detaljnivå eller fordi heller ikkje samfunnsplanen skal bli for omfattande. Lista syner nokre av dei kommunale rammene vi skal halde oss til:

- Kommunal planstrategi 2024-2027
- Klima- og miljøplan (2023)
- Folkehelseoversikt (2024)
- Kommuneplanens arealdel (2022)

Regionale planar og strategiar

Kommunen skal også sjå til regionale planar og strategiar. Dei vi vel å nemne her er tre regionale planar som nokså nyleg er vedtekne: Regional plan for klima, energi og miljø, regional plan for samfunnsstrøggleik og regional plan for det inkluderande Innlandet. Innlandsstrategien har tre langsiktige utviklingsmål: Berekraftig ressursforvaltning som gjev utvikling og nye arbeidsplassar, levande lokalsamfunn med berekraftige byar, tettstadar og bygder og at aktørar i fylket får større nasjonal betydning og synlegheit.

FN sine berekraftmål

Berekraftmål er det politiske hovudsporet for å ta tak i store felles utfordringar i verda: Verdas felles arbeidsplan for å møte dagens behov utan å øydeleggje moglegheitene for at komande generasjonar skal få dekt sine behov.

I arbeidet med samfunnsplanen skal vi velja ut dei berekraftmål som vi meiner er særskilt viktige for Skjåk og legge desse til grunn i den vidare utviklinga av bygdesamfunnet.

Planprosessen

Prosessen for utarbeiding av kommuneplanens samfunnsdel er fastsett i plan- og bygningslova §§ 11-12 til 11-15.

Arbeidet med kommuneplan skal førebuaast med eit oppstartsvassel og eit planprogram. Dette går fram av plan- og bygningslova § 4-1. Planprogrammet skal ta for seg føremålet med planen, planprosessen, medverknad, alternativ som blir vurdert og behovet for utgreiingar.

Forslaget til planprogram skal høyrast offentleg, og det er formannskapet i Skjåk som vedtek å leggje det ut på høyring. Høyringa skal vare minimum seks veker. Deretter blir det lagt fram for formannskapet, før kommunestyret gjer det endelege vedtaket av planprogrammet.

Planprogrammet blir utgangspunktet for utarbeidinga av kommuneplanens samfunnsdel – *samfunnsplanen*.

Prosess og medverknad

Ei administrativ arbeidsgruppe beståande av fleire fagområde er oppretta. Denne har ansvaret for å planleggje og drive fram prosessen. Kommuneadministrasjonen elles skal bistå med si erfaring og kunnskap, og dei kommunale råda skal også involverast. Folkevalde skal bistå i gjennomføring av folkemøte i grendene og skal også ha eigne arbeidsmøte, og det skal utarbeidast ei undersøking på internett for å kartleggje kva folk i Skjåk ønskjer for framtida. Opplegg for medverknad skal vera lågterskel.

Formannskapet har mynde til å sende planprogram og samfunnsplan til høyring og offentleg ettersyn, medan det er kommunestyret som skal gjera endeleg vedtak.

Overordna framdriftsplan

Planprosessen skal gjennomførast på eit relativt kort tidsrom. Dette fordrar at ein tilpassar prosessen til tidsrommet ein har til rådde. I dette ligg det at det blir lagt opp til eit nivå på medverknad som vi meiner både tener oppgåva og som er gjennomførbart, både med tanke på forarbeid, gjennomføring og etterarbeid.

Tidsrom		Planprogram	Medverknad	Planforslag		
2026	Jan					
	Feb	Høyring				
	Mar					
	Apr	Vedtak	Undersøking på nett	Samanstilling av innspel og kunnskapsgrunnlag		
	Mai					
	Jun		Politisk verkstad			
	Jul			Kontinuerleg utarbeiding av planforslag		
	Aug					
	Sep		Adm. verkstad			
	Okt		Grendemøte			
	Nov					
	Des					
2027	Jan					
	Feb					
	Mar				Høyring	
	Apr					Vedtak
	Mai					

Utfordringsbilete

Kommunen opplever utfordringar og moglegheiter med både lokalt og nasjonalt utspring. Også forhold som utspelar seg globalt gjer seg gjeldande lokalt. I planstrategien er følgjande peikt på som store drivarar for samfunnsutviklinga:

- Nedgang i folketalet
- Aldrande befolkning
- Fleire utanfor arbeidslivet
- Naturtap og klimaendringar
- Urbanisering
- Digitalisering
- Uroleg verd

Vidare går vi gjennom eit utval tema som viser status og utviklingstrekk for kommunen.

Endringar i befolkninga

Som i bygde-Noreg elles går folketalet nedover i Skjåk gått jamt nedover. I 1986 var det 2688 innbyggjarar i Skjåk og 1. januar i 2025 var det 2179 personar, ein reduksjon på nær 19 % sidan midten av 1980-talet. Sjølv om flytting til kommunen i periodar bidreg til å dempe nedgangen, er

dette ikkje tilstrekkeleg til å vege opp for underskotet av fødde i høve til døde. Innvandring har dei seinare åra vore eit positivt bidrag til folketalet og til mangfaldet i lokalsamfunnet. Dette utgjer ein viktig ressurs for både arbeidsliv og samfunnsutvikling. Samstundes er omfanget av innvandring for lite til å snu den samla demografiske utviklinga aleine. Framskrivingar frå SSB indikerer at folketalet i Skjåk vil halde fram med å gå ned i åra framover dersom dagens utvikling held fram.

Alderssamansetjinga i kommunen er i endring. Talet på eldre aukar, medan gruppa barn, unge og personar i yrkesaktiv alder minkar. Dette påverkar både tilgangen på arbeidskraft og behovet for kommunale tenester. Etterspurnaden etter helse- og omsorgstenester vil auke, og rekruttering til kommunale stillingar blir meir utfordrande. Samstundes vil grunnlaget for skatteinntekter bli meir avgrensa.

Demografiutviklinga er ei av dei mest grunnleggjande utfordringane og premissane for utviklinga av Skjåksamfunnet. I møte med færre innbyggjarar, endra alderssamansetjing og press på arbeidskraft må kommunen planleggje for nye løysingar, prioriteringar og samarbeidsformer. Samfunnsplanen skal liggje til grunn for berekraftig utvikling, god livskvalitet med gode og varierte kulturtilbod og robuste lokalsamfunn, også i ein situasjon med demografiske endringar.

Klima og miljø

Den sjette hovudrapporten frå FNs klimapanel² slår tydeleg fast at menneskeleg aktivitet er hovudårsaka til den globale oppvarminga. Klimaendringane vil gi store regionale og lokale utslag, med meir nedbør, lengre tørkeperiodar og fleire ekstreme vêrhendingar over heile verda. Difor må også kommunane bidra aktivt for å nå nasjonale og internasjonale klimamål. Lokalt må vi både førebyggje og handtere konsekvensane av klimaendringane – før, under og etter at dei oppstår.

Kommunen ligg i dag langt etter på klima- og miljøarbeid, noko som også kjem fram i kommunebarometeret, der Skjåk skårar svakt. Våren 2023 vedtok Skjåk kommune ein ny klima- og miljøplan. Planen skal vere kommunen sitt styringsverktøy for å redusere klimagassutslepp og gjennomføre overgangen til eit lågutsleppssamfunn. Planen inneheld mål som er både ambisiøse og gjennomførbare, og viser korleis kommunen skal arbeide for å nå dei fastsette klimamåla.

Arbeidsliv

Arbeidsløysa i Skjåk har over tid vore låg samanlikna med regionalt og nasjonalt nivå. Per desember 2025 er arbeidsløysa i kommunen 1,1 %. Pr januar 2026 er Skjåk rangert som den fjerde beste kommunen i Norge når det gjeld tal sysselsette ukrainske flyktningar i alderen 20-66 år. Pendlinga ut av kommunen er større enn innpendlinga, noko som indikerer både avgrensa lokal arbeidsmarknad og eit potensial for fleire arbeidsplassar i kommunen. Graden av pendling i regionen elles er også høg.

Ei aldrande befolkning og færre unge i yrkesaktiv alder gjer tilgang på arbeidskraft og rett kompetanse til ei av dei største utfordringane for vidare utvikling. Kommunen skal vere ein aktiv

² [Om sjette hovedrapport fra FNs klimapanel \(2021-2022\) - miljodirektoratet.no](#)

tilretteleggjar og samarbeidspartnar for næringslivet. Samfunnsplanen skal målrette dette arbeidet.

I lys av demografiske utfordringar og omstilling i arbeidslivet blir samanhengen mellom næring, bustad, kompetanse og livskvalitet stadig viktigare.

Samfunnstryggleik og heilskapleg beredskap

Kommunen har ansvar for å førebyggje uønskte hendingar, redusere risiko og sårbarheit, og sikre god handtering av kriser som kan råke innbyggjarar, næringsliv, natur og kritisk infrastruktur.

I arbeidet med samfunnsplanen skal Skjåk kommune leggje til grunn eit breitt samfunnstryggleiksperspektiv, der førebygging, beredskap og gjenoppretting vert sett i samanheng. Planen skal byggje på kunnskap frå kommunal risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), samt relevante regionale og nasjonale føringar.

Samfunnsplanen skal særleg ta omsyn til:

- Klimaendringar og auka risiko for ekstremvêr, flaum, skred og andre naturhendingar
- Tryggleik for bustadar, tenester, transport og kritisk infrastruktur
- Beredskap innan helse, omsorg og sosiale tenester
- Tryggleik i lokalsamfunnet, inkludert psykososiale forhold og sosial berekraft
- Samarbeid mellom kommunen og regionen, friviljuge organisasjonar, næringsliv og statlege aktørar

Eit mål for planarbeidet er å styrkje kommunen si evne til å førebyggje og handtere uønskte hendingar gjennom heilskapleg planlegging, tverrfagleg samarbeid og god samordning mellom sektorar. Samfunnsplanen skal leggje føringar for vidare arbeid med beredskapsplanar, arealbruk og tenesteutvikling, og bidra til eit trygt og robust lokalsamfunn.

Å vekse opp i Skjåk

Dei siste åra har talet på ungar fødde i Skjåk vore relativt stabilt mellom 15 og 20. Våren 2026 er det 89 barn som har plass i barnehagane. Elevtalet i grunnskulen har variert noko dei siste åra. Dette skuleåret er det 200 elevar ved Skjåk barne- og ungdomsskule.

Ungdata gjev eit godt bilete av korleis barn og unge i Skjåk har det. Undersøkinga vart sist gjennomført våren 2024 blant elevar på mellomsteget (5.–7. steg) og ungdomssteget (8.–10. steg).

Dei fleste elevane på mellomsteget trivst godt. Nær 9 av 10 er nøgde med livet sitt, og mange er svært nøgde både med skulen og lokalmiljøet, i større grad enn landsgjennomsnittet. Fleirtalet har nokon å vere saman med i friminutta og deltek i faste fritidsaktivitetar. Skjermbruk og bruk av sosiale medium ligg på eit moderat nivå. Mor er den viktigaste samtalepersonen ved vanskelege tema, følgt av helsesjukepleiar og far. Samstundes melder nokre elevar om mobbing og negative erfaringar på nett, mellom anna utestenging og sårande meldingar.

Dei fleste på ungdomssteget er tilfredse med livet, men jentene rapporterer lågare trivsel enn gutane. Dei fleste har minst ein nær ven, men ein liten del opplever einsemd i skulekvardagen. Trivselen på skulen er relativt god, sjølv om tilfredsheita ligg noko under landssnittet.

Bruk av rusmiddel er ei vedvarande utfordring i Skjåk. Talet på ungdomsskuleelevar som har vore rusa på alkohol har auka over tid og ligg høgt samanlikna med landet. Mange ungdomar opplever òg at dei får lov å drikke alkohol av føresette. Det same gjeld auke i røyking, snusing, bruk av e-sigarettar og rapportert bruk av narkotika, der Skjåk ligg over landssnittet.

Dei fleste ungdomane frå Skjåk startar i vidaregåande opplæring rett etter grunnskulen. Dei siste åra har yrkesfag vore meir populært enn studieførebuande program. Gjennomføringsgraden er høg, og ligg over både landssnittet og snittet for Innlandet. Skjåk har ein relativt høg del av befolkninga med grunnskule, vidaregåande og fagskule som høgste utdanning, samanlikna med fylket og landet.

Næringsliv

Skjåk har ein brei og mangfaldig næringsstruktur, prega av mange små verksemder, solide primærnæringar og nokre større industribedrifter. Ved starten av 2026 er det 442 registrerte bedrifter i kommunen. Næringslivet er kjenneteikna av høg grad av lokalt eigarskap, fleksibilitet og kombinasjonsnæringar.

Eit fleirtal av bedriftene i Skjåk er små, 66 % av bedriftene er enkeltmannsføretak utan tilsette. Primærnæringane står framleis sterkt målt i tal på verksemder, samstundes som tenesteytande næringar – særleg helse, omsorg, bygg og reiseliv – sysselset ein aukande del av arbeidsstyrken. Reiselivet har hatt ei positiv utvikling dei siste åra og representerer eit stort verdiskapingspotensial for Skjåk. Vidare vekst føreset ei medviten tilnærming til besøksforvaltning, der omsynet til natur, lokalsamfunn og næringsinteresser blir sett i samanheng.

Landbruket har stor betydning for Skjåk. Næringa er ei av dei største i kommunen målt i tal verksemder og står for ein vesentleg del av dei sysselsette. Landbruket er òg ein viktig del av lokal beredskap ved å sikre matproduksjon og forvalte store areal. Talet på bruk i drift er redusert frå 173 i 2004 til 132 i 2024, medan jordbruksarealet har halde seg stabilt. Strukturutviklinga følgjer den nasjonale og regionale trenden med færre og større bruk.

Lausdriftskravet for storfe trer i kraft i 2034 og utgjer ei vesentleg utfordring for landbruket. Omlegging krev omfattande investeringar i ein situasjon der lønsemd er under press. Dette skapar usikkerheit, særleg for bruk i generasjonsskifte eller der investering ikkje er økonomisk forsvarleg. Mange gardsbruk i Skjåk står framfor generasjonsskifte, og det er gledeleg at fleire unge dei siste åra har valt å overta og satse vidare på landbruket.

Utmarka er ein grunnpilar i ressursgrunnlaget. Utmarksbeite gir tilgang på lokalprodusert fôr, held kulturlandskapet ope og bidreg til artsrike naturtypar. Seterdrift er ein del av lokal identitet og reiselivsuppleving. Rovvilt, særleg jerv, utgjer ei stor utfordring. Beitedyrta gir både økonomiske tap og stor belastning for bøndene. Rovviltsituasjonen påverkar omfanget av utmarksbeite og er ein viktig rammefaktor for forvaltning av utmark og kulturlandskap.

Landbruket i Skjåk står framfor ei omstilling, men har samtidig naturressursar, tradisjonar og kompetanse som gjev oss eit faktisk fortrinn. Samfunnsplanen skal sette mål for korleis ein skal støtte opp om landbruket som grunnlag for næring, busetting, kultur, reiseliv og beredskap.

Bustader

Bustadtilgang er tett kopla til næringsutvikling. Eit variert tilbod av eigna bustader – både for leige og eige – er nødvendig for å tiltrekkje seg arbeidskraft. Samarbeid med private aktørar og statlege verkemiddel, mellom anna gjennom Husbanken, er viktig. Fire bustadar i Bismo, ferdigstilte i 2023, gjev potensielle skjåkværar moglegheita for å prøvebu. Førebels har 17 personar budd i desse bustadane, og nokre har i etterkant kjøpt eige hus og etablert seg i kommunen. Erfaringane er såleis positive. I prosjektet Sats på Skjåk, førebels finansiert ut 2026, arbeider kommunen med bustadar og tilflytting.

Skjåkværar flest bur i einebustad. Bustadmarknaden er prega av lite utval og variasjon for kjøp og leige. Ved utgangen av 2025 var det omsett 12 bustadar på den opne marknaden i Skjåk. Talet er det same for fritidsbustadar. Byggeaktiviteten er relativt låg. Talet på byggesøknadar har gått jamt nedover: I åra 2018-2020 låg talet på over 90 søknadar årleg. Frå 2023 har det vore ein sterk nedgang: I 2024 var det 47 saker, og i 2025 totalt 34.

Arealbruk og arealstrategi

Store delar av kommunen er verna etter naturmangfaldlova, og har såleis restriksjonar som tilseier låg grad av transformasjon. Areal for næringsutvikling og bustader er viktige tema for Skjåk, og er ein føresetnad for vidare vekst. Kommunen har ledig næringsareal som ikkje er nytta. Kommuneplanens arealdel vart vedteke i 2021, og planstrategien legg opp til ei vurdering av behovet for revidering i 2027.

Det er ei forventning frå sentrale styresmakter om at kommunen utarbeidar ein langsiktig arealstrategi, og det er tilrådd at ein gjer det som ein del av arbeidet med samfunnsplanen. Arealstrategien skal ikkje ha karakter av ein utbyggingsstrategi, men skal trekke opp overordna prinsipp for arealbruk i kommunen. Den er eit forarbeid til kommuneplanens arealdel, og skal verke førande ved revidering av denne.

Tema i samfunnsplanen


Samfunnsplanen skal omfatte heile kommunen. Samtidig skal vi gjennom planen tørre å prioritere kva som vil vera viktigast for oss dei neste åra, og realisme skal ligge i botnen for desse prioriteringane. I januar 2026 fekk kommunestyret i oppgåve å peike på det aller viktigaste vi må jobbe med for å sikre at vi blir eit attraktivt og levedyktig lokalsamfunn i framtida. Tankekartet på siste side i planprogrammet syner ein del av det som kom fram. Med utgangspunkt i det vi veit om dagens Skjåk og framskrivingar, så vil samfunnsplanen omhandle følgjande overordna tema:

- **Demografi** → endring i folkesamansettinga
- **Barn og unge** → å vekse opp i Skjåk, kvalitet og tidleg innsats
- **Helse og meistring** → endring i demografien fører til endra behov innan helse og meistring

- **Førebygging** → folkehelse, psykisk helse, eldre, barn og unge
- **Bulyst** → bustadar, møteplassar, integrering, tryggleik, arbeidsplassar
- **Arealbruk** → arealstrategi, framtidig bruk av areala våre
- **Kommunesamarbeid** → innsparing, fagmiljø
- **Samfunnstryggleik og beredskap** → klimatilpassing, arealplanlegging, heilskapleg beredskap, samarbeid
- **Klima, miljø og natur** → klimatilpassing, utslepp, naturmangfald, sirkulærøkonomi/ ENØK
- **Arbeidsgjevar** → rekruttering, arbeidsmiljø, digitalisering, innovasjon, handlingsrom

Desse satsingsområda står saman med følgjande av FN sine berekraftsmål, og følgjeleg vil desse ligge til grunn for planarbeidet:

- God helse og livskvalitet → sikre god helse og fremje livskvalitet for alle uansett alder
- God utdanning → sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle
- Anstendig arbeid og økonomisk vekst → fremje varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle
- Industri, innovasjon og infrastruktur → bygge solid infrastruktur og fremje inkluderande og berekraftig industrialisering og innovasjon
- Mindre ulikskap → redusere ulikskap i og mellom land
- Berekraftige byar og tettstadar → gjera byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige



Kommunestyret sine svar på spørsmålet: Kva er det aller viktigaste vi må jobbe med for å sikre at vi blir eit attraktivt og levedyktig lokalsamfunn i framtida? (Mentimeter, januar 2026)

Status, utfordringar og planbehov

Tabellen under viser eit samla oversyn over sentrale utviklingstrekk, utfordringar og kva planarbeidet skal svare på.

Tema	Status	Utfordring	Planbehov
Demografi	Fallande folketal og aldrande befolkning	Færre i yrkesaktiv alder, press på tenester og rekruttering	Prioriteringar for berekraftig tenesteutvikling og busetting
Barn og unge	Hovudsakleg god trivsel, men rusutfordringar	Auka rusbruk, psykisk press, varierende læringsresultat	Tidleg innsats, førebygging og trygge oppvekstmiljø
Helse og meistring	Auka behov grunna aldring	Kapasitet og kompetanse i tenestene	Langsiktig planlegging og førebygging
Bustad og bulyst	Avgrensa bustadtilbod og låg byggjeaktivitet	Vanskeleg rekruttering og tilflytting	Strategisk bustadpolitikk
Arealbruk	Store verneområde, ledig næringsareal	Avgrensa handlingsrom	Overordna arealstrategi
Arbeidsliv	Låg arbeidsløyse, høg utpendling	Mangel på arbeidskraft	Samspel mellom arbeid, bustad og kompetanse
Næringsliv	Mange små verksemder, sterkt landbruk	Omstilling, investeringar og lønsemd	Måretta nærings- og landbrukspolitikk
Klima og miljø	Vedteken klima- og miljøplan	Etterslep i gjennomføring	Overordna prioriteringar og samanheng
Samfunns-tryggleik	Auka klimarisiko	Sårbar infrastruktur og tenester	Heilskapleg og førebyggjande planlegging
Kommunen som arbeids-gjevar	Rekrutterings-utfordringar	Konkurranse om arbeidskraft	Strategiar for attraktiv arbeidsgjevar

